



Ørskog kommune
Heimetenestene

TENESTEOMTALE

Dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom

Målgruppe

Dagsenteret skal vere eit tilbod til heimebuande personar som bur i Ørskog kommune og som:

- Har behov for å delta i sosialt fellesskap med andre
- Treng aktivisering
- Har pårørande som treng avlasting
- Har diagnosen demens, eller er under utredning for demenssjukdom

Målsetting

Personalet skal saman med brukaren skape trivsel og aktivitet i kvardagen, slik at den einskilde kan få nytte sine ressursar mentalt og fysisk. Tiltaket skal saman med andre tenester bidra til at brukarane kan bu lengst mogeleg i eigen heim.

Aktivitetar:

Ulike turar, handarbeid, baking, song, trim, plantestell, kafebesøk osv.

Dagsenteret samarbeider med Dagsenteret i Skodje kommune, og har tilhold på Jentekolonien i Skodje tysdag og torsdag. Onsdag vert tilbodet lokalisert på Ingeborgstova ved Steinholt busenter.

På Steinholt Busenter kan ein bestille fotpleie. Dette må brukar betale sjølv.

I einskilde tilfelle kan personalet komme heim til brukar for behovskartlegging, observasjon og tilnærming til tenesten.

Tildeling

Tildeling vert gjort etter utfylt søknad med legeopplysningar, samt individuell vurdering. Tildeling av tenesten «Dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom» er eit enkeltvedtak med dei rettar og plikter som følgjer av Forvaltningsloven.

Retten til opphald på dagsenteret fell bort dersom ein flyttar til anna kommune eller får langtidsplass ved sjukeheimen.

Betaling

Eigenbetaling vert justert årleg, og dekker transport og måltid. Pris vil stå på vedtak, samt på kommunen si heimeside under betalingssetser

Kafebesøk og evt turar som medfører kostnad, må betalast av brukar. Dagsenteret har ei «skranglekasse» der ein kan betale inn til slike formål.

Opphald på dagsenteret inkluderer:

- Henting og bringing
- Frokost saman med personalet
- Middag
- Kaffemat

Dagsenteret er åpent 3 dagar pr veke, frå ca kl 09 til ca kl 15.30.

Søknadsskjema

Søknadsskjema får ein ved å kontakte Sørviskontoret, tlf. 70 1659 00, Heimetenesten eller på Ørskog kommune si heimeside.

<http://www.orskog.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/heimeteneste/>

Klage

Søkjær kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker frå svar er motteke. Klaga skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. I klaga skal førast opp kva søkjær ønskjer endra i vedtaket med grunngjeving. Søkjær har rett til å sjå alle dokumenta i saka og gjere seg kjent med dei aktuelle lovreglane. Kommunen vil kunne gje rettleiing. Klageinstans er Fylkesmannen. Før klaga vert sendt dit, skal den instansen i kommunen som gjorde vedtaket, vurdere om det er grunnlag for å endre det.

Kontaktinformasjon

Einingsleiar Jan Einar Klungreseth, jan.einar.klungreseth@orskog.kommune.no, eller
Siv Ingeborg Støvreide, tlf 90634391 (tysdag, onsdag, torsdag).

Lover og retningsliner

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-3, jfr pkt. 2.
Lov om Pasient- og brukarrettigheter § 2-1a.

Tenesteavtalen er vedteken av Rådmannen i Ørskog Dato:
Avtalen kan endrast av